

Utviklingsavdelinga

PLAN FOR TRAFIKKTRYGGLEIK I ÅL

INNHALD:

	side:
1. Mål og visjonar.....	1
2. Planprosess.....	2
3. Tiltak.....	2
4. Ulykkesstatistikk.....	6
5. Omtale av risikostrekningar og hovudutfordringar.....	6
6. Førebyggjande tiltak (opplæring, info).....	8
7. Trafikktryggleik og arealplanleggjing.....	10
Vedlegg I: Informasjonsplan.....	11

1. MÅL OG VISJONAR

- Ingen skal bli drepe eller alvorleg skadd i trafikken i Ål
- Tal ulykker med lettare personskade skal minke i høve til gjennomsnittleg ulykkestal på 14 pr. år på 1990-talet
- Kunnskapen om trafikktryggleik hjå ungar, ungdom og vaksne skal betrast
- Bilbruken skal reduserast med 10 % innan 2015
- Kommunal arealplanlegging skal vareta omsynet til trafikktryggleik
- Samarbeidet mellom kommunen og andre etatar om trafikktryggleikstiltak skal bli betre

2. Planprosess

Fyrste versjon av planen vart vedteken i september 2000 og planen vart revidert i november 2003. I samband med den siste revisjonen no i 2007 har me på nytt fått innspel frå samarbeidsutvala ved skulane og barnehagane og frå privatpersonar. Oppstart av revisjonsarbeidet vart kunngjort i desember 2006. Høyringsframlegget har vore drøfta i fellesmøte for sektorutval for teknisk, næring og ressurs og sektorutval for oppvekst og undervisning. Planframlegget er ute til offentleg høyring i perioden 25.3-1.5.07. Tverrfagleg saksforum har drøfta planen.

3. TILTAK

3. 1. Samandrag av tiltak som kommunen kan gjennomføre perioden 2007-2011 (tiltak utan prioriteringsnummer må vente til etter 2011)

a Veg- type	b Omtale av tiltaket	c Stad	d Grunngjeving	e Total-kostnad (overslag)	f Finansiering	g Tidsplan (fra-til mnd, år)	h Pri
Kv/fv	1. Rydding av vegetasjon, skilting, oppmaling gangfelt, asfaltering høge fortauskantar/utbetring farlege hol ved kummar	Ål sentrum og Torpo sentrum: Gamlevegen, Sundrevegen Solhov-Vangen	Mange små strakstiltak som vil betre sikt og trygge tilhøva for mjuke trafikkantar	Om lag kr 100'	Ål k.: 100'	Juni-sep07	1
kv	2. Gangfelt og opphøgda gangfelt	Torpo kyrkje	Skuleungar kryssar vegen	Kr 60'	Ål k: 60'	Juni-sep07	1
kv	3. 30 km fartsgrense og opphøgda gangfelt	Ål kyrkje	Kryssingspunkt på ei strekning der mange held høg fart	Kr 40'	Ål k: 40'	Jauni-sep07	1
kv	4. Oppstramming busslomme	Torpo kyrkje	Feilparkerte bilar hindrar sikt på skuleveg	Kr 75'	Ål k: kr 75'		1
kv	5. Gangfelt	Torpo skule - brua mot vestsida	Skuleungar kryssar vegen	kr. 30'	Ål k: kr 30'	Juni-sep07	1
fv	6. 30-sone, utbetring av snarvegar, utbetring av vegen	Øvre-Ålsvegen skulekrysset-Leksvol	Smal og uoversiktleg veg.	Kr 6 mill	Ål k: Forskotterer i 4 år. Stat: skal betale etterkvart	2007	1
Kv/ fv242	7. Prosjektere og utarbeide reguleringsplan	Gangveg Hago-Sando skule	Skuleveg utan gang-/sykkelveg	Kr 100'	Ål k: 100'	2007	1
fv242	8. Prosjektere og utarbeide reguleringsplan	Gangveg Feten-Samhald	Skuleveg utan gang-/sykkelveg	Kr 40'	Ål k: 40'	2007	1
privat	9. Skilting	Sykkelveg Tangevike-Kleivi	Ukjent alternativ rute for syklistar på trafikkfarleg strekning	Kr 5'	Ål k: kr 5'	2007	1
Kv	10. Veggrekkverk	Tjønddalsvegen (Sørensen)	35 m bratt usikra rett ned på bustadhus ved evt utforkøyning	Kr ?	Ål k: kr ?	2007	1
fv242 /kv	11. Gang/sykkelveg	Gullhagabrue-Gullhagasvingen	Skuleveg utan gangveg, smalt, bratt i kurve	kr ?	Ål k: 40% Fylke/stat: 60%	2008-2010	2
fv242 /kv	12a. Gang/sykkelveg	Hago-Nedre Ulshagavegen	Skuleveg utan gangveg, smalt	kr ?	Ål k: 40% Fylke/stat: 60%	2008-2010	3
fv242 /kv	12b. Gang/sykkelveg	N Ulshagavegen-Gullhagasvingen	Skuleveg utan gangveg, smalt	kr ?	Ål k: 40% Fylke/stat: 60%	?	4
fv242	13. Gangveg	Feten - Leveld	Manglar 600 m gangveg til	kr?	Ål k: 40%	?	4

		kyrkje	Leveld skule, sporete og glatt, mange utforkøyningar		Fylke/stat: 60%		
fv242 /kv	14. Gang/sykkelveg	Gullhagasvingen - Sando skule	Skuleveg utan gangveg, smalt	kr ?	Ål k: 40% Fylke/stat: 60%	?	4
fv242	15. Gangveg	Leveld kyrkje - Samhald	Manglar gangveg til Leveld skule, sporete og glatt, mange utforkøyningar	kr ?	Ål k: 40% Fylke/stat: 60%	?	5
Fv/kv	16a. Planfri kryssing Nedre-Ål skule-nærmiljøanlegget	Sundrevegen	Skuleungar må krysse trafikkert veg	Kr ?	Ål k: 40% Fylke/stat: 60%	?	5
kv	16b. Fysisk skilje mellom gangveg og vegbane	Sundrevegen frå Solhov-Vangen	Smal veg utan fysisk skilje mellom gangveg og køyrebane	kr ?	Ål k: 40% Fylke/stat: 60%	?	5
Kv	17. Flytte gangveg innanfor p-areal	Sundrevegen vest for postkontoret	Farlege situasjonar ved rygging over fortau	Kr ?	Ål k:		
kv	18. Gjera om P-areal	Parkering på Torget	Rygging ut frå P-plass over fortau, like ved vegkryss	kr ?	Ål k:		
kv	19. Stabbesteinar Bergstigen-Gamlevegen	Bergstigen-Gamlevegen	Bratt bakke endar i bratt skråning. Fleire nesten ulukker på glatt føre.	Kr ?	Ål k:		
Kv	20. Parkeringsplass	Torpo barnehage	Uoversiktlege tilhøve ved henting/bringing	Kr ?			
kv	21. Årleg kontroll av sikt	Vegar i bustadfelt	Vegetasjon som hindrar sikt	Skjer rutinemessig i dag			
kv	22. Fortau	Stasjonsvegen	Smalt, gangveg stoppar plutseleg	kr ?	Ål k: Stat:		
fv242	23. Asfaltering av ny tosidig busslomme og p-plass	Busslommer ved Gullhagakrysset	Buss må stoppe midt i vegen like ved krysset.	Kr ?	Ål k.: fylke:		
kv	24. Detaljløysing ikkje avklart.	Gangatkomst helse- og sosialsenteret	Uoversiktlege og utan gangfelt	Kr ?			
kv	25. 120 m fysisk skilje gangveg-køyrebane	Lienkrysset-Skulebakken	Skuleveg	Kr ?			
fv241	26. 800 m gangveg	Lienkrysset - bustadfelt Bakken II	Skuleveg utan gangveg	Kr ?	fylke og kommune		
kv	27. ?? m gangveg	Tjønddalsvegen	Skuleveg utan at gangveg er raskaste veg	Kr ?			
kv	28. Vegrekkverk	Jf liste i THU-sak 16/03	Farlege strekningar på kom. veg manglar rekkverk	Kr ?	Ål k:	Årleg	

3.2. Samandrag av tiltak på riksveg 7 som kommunen ynskjer at stat, fylke eller andre etatar skal gjennomføre

a Veg- type	b Omtale av tiltaket	c Stad (nr. viser til kartvedlegg)	d Grunngjeving	e Total-kostnad (overslag)	f Finansiering	g Tidsplan (fra-til)	h Pri
rv7/fv 241-2	A. Halde fram med radarkontroll/patrolje	Rv 7, fv 242 og gj. Torpo sentrum	Høg fart		Stat	Helger, årleg	1
Rv 7	B. Utbetring av krysset med på- og avkøyringsfelt	Avkøyring til Oppsjø	Mange ulukker og nesten ulukker	Kr ?	Stat	2007	2
Rv 7	C. Akselerasjons- og retardasjonsfelt	Avkøyring Vangen	Mange nesten ulukker	Kr ?	Stat		3
rv7	D. Planfri kryssing eller lyskryss evt. gangveg. Strakstiltak: Anna rute.	Rv 7 ved Torpo statlege asylmottak	Skuleungar må krysse rv 7 for å ta skulebuss	Kr ?	Stat		4
rv7	E. Sykkelveg eller utvida skulder (? m)	Sørbøen-Øyne	Høg fart (80 km/t), ungar må gå langs rv. 7 for å ta buss	Kr ?	Stat:		5
rv7	F. Sykkelstig/utvida skulder langs rv7	Tangevike - Breievegen (sykkelstig)	Attraktiv rundtur for sykkel må følgje rv7 (svingete og uoversiktleg)	Kr ?	Ål: stat:		6
Rv 7	G. Autovern lang Strandafjorden	Utforkøyringar kan ende i Strandafjorden	Riksveg utan sikring mot utforkøyring	Kr ?	stat		7
rv7/fv 245	H. Rundkøyring	Rv. 7 innkøyring til Sundre sentrum	Uoversiktleg kryss, ulukker og nesten ulukker	Kr ?	fylke stat		8
rv7/k	I. Gatelys	Kryss rv. 7 ved Vangen	Lys vil gi betre oversikt	Kr ?	stat		9
rv7/ fv242	J. Gatelys	Kryss rv 7 – fv ved Gullhagen	Lys vil gi betre oversikt	Kr ?	stat		10
Rv7/ fv243	K. Gatelys	Kryss rv 7 – fv ved avkøyring til Torpo aust og vest	Lys vil gi betre oversikt	Kr ?	stat		11

3.3. Samandrag av tiltak på fylkesvegsom kommunen ynskjer at stat, fylke eller andre etatar skal gjennomføre

a Veg- type	b Omtale av tiltaket	c Stad (nr. viser til kartvedlegg)	d Grunngjeving	e Total-kostnad (overslag)	f Finansiering	g Tidsplan (fra-til)	h Pri
rv7/fv 241-2	Halde fram med radarkontroll/patrolje	Rv 7, fv 242 og gj. Torpo sentrum	Høg fart		Stat	Helger, årleg	1
fv241	29. Gangfelt, skilt	Torpo b-hage	Gangveg kryssar fv 241	kr. 10'	fylke	2007	2
fv242 /kv	11. Gang/sykkelveg	Gullhagabrue- Gullhagasvingen	Skuleveg utan gangveg, smalt, bratt i kurve	kr ?	Ål k: 40% Fylke/stat: 60%	2008-2010	2
fv242 /kv	12a. Gang/sykkelveg	Hago-Nedre Ulshagavegen	Skuleveg utan gangveg, smalt	kr ?	Ål k: 40% Fylke/stat: 60%	2008-2010	3
fv242 /kv	12b. Gang/sykkelveg	N Ulshagavegen- Gullhagasvingen	Skuleveg utan gangveg, smalt	kr ?	Ål k: 40% Fylke/stat: 60%	?	4
fv242	13. Gangveg	Feten - Leveld kyrkje	Manglar 600 m gangveg til Leveld skule, sporete og glatt, mange utforkøyringar	kr?	Ål k: 40% Fylke/stat: 60%	?	4
fv242 /kv	14. Gang/sykkelveg	Gullhagasvingen- Sando skule	Skuleveg utan gangveg, smalt	kr ?	Ål k: 40% Fylke/stat: 60%	?	4
fv242	15. Gangveg	Leveld kyrkje -Samhald	Manglar gangveg til Leveld skule, sporete og glatt, mange utforkøyringar	kr ?	Ål k: 40% Fylke/stat: 60%	?	5
Fv/kv	16a. Planfri kryssing Nedre- Ål skule-nærmiljøanlegget	Sundrevegen	Skuleungar må krysse trafikkert veg	Kr ?	Ål k: 40% Fylke/stat: 60%	?	5
kv	16b. Fysisk skilje mellom gangveg og vegbane	Sundrevegen frå Solhov- Vangen	Smal veg utan fysisk skilje mellom gangveg og køyrebane	kr ?	Ål k: 40% Fylke/stat: 60%	?	5
fv241	30. Flytte rekkverk for gangveg	Nordover frå Bakkevegen	Gangveg på feil side i høve til bustader gir farlege kryssingar		fylke		7
fv243	31. Gangveg, 1000 m	Torpo næringsssenter -Torpo kyrkje	Skuleveg utan gangveg langs fv 243	kr. ?	fylke		8
fv243	32. Autovern, 700 m	Nedre del av Opheimsvegen	Skuleveg, bratt, svingar	kr. ?	fylke		9
fv242	23. Asfaltering av ny tosidig busslomme og p-plass	Busslommer ved Gullhagakrysset	Buss må stoppe midt i vegen like ved krysset.	kr ?	Ål k.: 70' fylke: 70'		10
fv241	26. 800 m gangveg	Lienkrysset - bustadfelt Bakken II, Torpo	Skuleveg utan gangveg	kr.?	fylke og kommune		11
rv7/fv 245	33. Rundkøyring	Rv. 7 innkøyring til Sundre sentrum	Uoversiktleg kryss, ulukker og nesten ulukker		fylke stat		12
fv241	34. Gangveg, 1900m	Sirebrua-Lien	Skuleveg utan gangveg	kr. ?	fylke		13

4. ULYKKESSTATISTIKK

Statens vegvesen har statistikk for politirapporterte trafikkulykker. Kart overtrafikkulukker i Ål i perioden 1990-1995 og 1996-2003 finst i vedlegg 3. Forsikringsselskapa kan rapportere om til saman 382 trafikkuhell i Ål kommune til ein kostnad på omlag 7.2 mill kr i 1998.

Samandrag av trafikkulykkestatistikk - politirapporterte ulykker med personskade:

	-06	-05	-04	-03	-02	-01	-00	-99	-98	-97	-96	-95	-94	-93	-92	-91	-90
Ulykker i alt				2	6	12	9	17	8	6	8	11	12	20	15	12	8
Dødsulykker				0	2	1	0	0	0	0	0	0	0	1	2	1	1
Tal skadde/døde				2	13	15	13	32	11	8	14	16	18	28	21	18	18

Statistikken viser elles:

- Med ein ulykkestopp i 1993 har det seinare vore ein liten nedgang på ulykker fram til i dag. Dette er ei utvikling i riktig retning som ein òg ser på landsbasis.
- Dei fleste ulykker skjer på riksveg (møtande bilar og utforkøyningar), men graden av skade er den same uavhengig av om ulykka skjer på privat, kommunal, fylkesveg eller på riksveg.
- Jo høgare fart, dess fleire ulykker
- Ikkje dei store årsvariasjonane, men nokre fleire ulykker i juli og i vinterhalvåret.
- Dei mest utsette trafikantane er bilistane, fordi flest ulykker skjer blant dei, men det er same relative fordeling mellom lettare skadde, alvorleg skadde og drepne i dei ulike trafikantgruppene (fotgjengar, syklist, bilist)

5. Omtale av risikostrekningar og hovudutfordringar:

Kartskisse finst i vedlegg II. Nummer i tabellane i kapittel 3.1., 3.2 og 3.3. viser til nummer på kart i vedlegg II. Alle kostnadstal i planframlegget er usikre.

5.1. Trygg skuleveg:

Reglane for skuleskyss er som følgjer i Ål kommune:

- 1.-2. årssteg får fri skyss viss skulevegen >2 km
- Dei andre elevane får fri skuleskyss viss skulevegen >4 km (Like reglar for heile landet).
- Rv. 7 der det ikkje er gangveg, og Nordbygdvegen på strekninga Kalvetreet-Hallingmøbler vert rekna som trafikkfarleg og gir rett til fri skuleskyss sjølv om avstandskrava ikkje er oppfylt. Sektorutval for oppvekst kan etter søknad godkjenne andre strekningar for fri skuleskyss viss dei er svært trafikkfarlege.

I vedteken plan for oppvekstsektoren 2007-2010 heiter det at for å oppnå målet om at alle skulevegar skal vera trafikksikre, skal kommunen

1. Vurdere både gangstigar og gangvegar i perioden. Gangstigar har andre krav enn gangvegar og kan vera ei realistisk og gjennomførbar løysing. Gangstigane treng ikkje nødvendigvis gå langs dei trafikkerte vegane. Dei kan gå i andre og tryggare område. Det primære er at ungane har ein trygg stad å ferdast.
2. Gjera vedtak om ei permanent og trygg løysing av trafikksituasjonen ved Nedre-Ål skule.

Omfattande tiltak for å betre trafikktilhøva ved skulane i Ål er gjennomført dei siste åra, men framleis står følgjande strekningar/punkt att:

Skulekrysset Nedre Ål - Utbetringar har gjort tilhøva tryggare, men gangbru over Sundrevegen frå Nedre-Ål skule ville gjera det mogleg for skulen å bruke nærmiljøanlegget ved Ål Ungdomsskule-Kyrkjeparken i friminutta. I vedteken plan for oppvekstsektoren 2007-2010 heiter det at for å oppnå målet om at uteområda skal tilpassast elevane med rikeleg areal til fysisk fostring, skal kommunen sørge for at utearealet ved Nedre-Ål skule vert utvida ved at kryssing av vegen vert laga planfritt i planperioden.

Skattebøl skule: Skilting attstår for at gjennomførte tiltak skal få full effekt.

Skuleveg elles: Mange skuleungar manglar trygg skuleveg fordi det er fleire strekningar med smal og trafikkert veg som manglar fortau/gang/sykkelveg. Ei prioritering av kva strekningar som bør byggast ut først må byggje på tal ungar som ferdast, trafikkta, vurdering av risiko og kostnad.

5.2. Helgetrafikk rv 7 – Det er oppretta ei eige patrulje som overvakar trafikken på rv7 særleg i samband med helgeutfart. Viktig at dette held fram - særleg fartskontroll fredagar 17-19 og sundagar 15-18. Tiltak for å få helgebiltrafikk over til tog vil vera med på å redusere trafikken på rv 7 og dermed risikoen for ulykker. Her har ikkje kommunen verkemiddel, men må oppmode turistnæringa til å prøve ut ordningar med gunstige bilfrie pakkeløysingar for turistar. Kan overnattingsgjestar som nyttar tog til og frå få rabatt i prisen? Tungtrafikken langs rv. 7 har gått noko ned dei siste åra fordi meir godstransport mellom aust og vest no går på jernbanen. Helgetrafikken (m.a. hyttefolk) ser derimot ut til å auke kvart år. Ulempene er auka risiko for ulykker, ureining og støy. Ål kommune har truleg ikkje særleg effektive verkemiddel for å løyse denne utfordringa aleine.

5.3. Meir oversiktlege trafikktilhøve i sentrum

Fullføre gangveg- og fortausutbygging.

Det er vanskeleg å ferdast trygt som fotgjengar fleire stader i sentrum fordi bygging av fortau/gangvegar ikkje er fullført. Dei mest uoversiktlege områda er gangatkomst/vegkryssing av Helsetunvegen til helse og sosialsenteret og parkering på Torget med rygging ut frå P-plass over fortau like ved eit kryss.

5.4. Avkøyring/påkøyning rv. 7

Kryss rv. 7 ved Oppsjø – mange ulukker og nesten ulukker fordi det manglar avkøyrings- og påkøyringsfelt. Auka trafikk grunna flytting av brannstasjon og næringsverksemd. Utrykningsstrekning. Statens vegvesen er i gang med planlegging av utbetring av krysset.

Kryss rv 7 ved Vangen - lys i krysset vil truleg minke risikoen for ulykker.

Kryss rv 7 ved avkøyning til Torpo vest og Torpo aust - lys i krysset vil truleg minke risikoen for ulykker.

Kryss rv. 7 Gullhagen - lys, busslomme er ynskjeleg for å gjera trafikktilhøva meir oversiktlege

5.5. Nordbygdvegen (fv 242) - høg fart, radarkontroll, betre brøyting (ofte 3 spor).

5.6. Vegetasjon i bustadfelt - teknisk etat gjennomfører årleg rydding av veggrofter langs kommunale vegar for mellom anna å sikre frisikt. I ein del tilfelle har tomteeigar planta hekkar eller anna vegetasjon som etterkvart veks utover og skyggjer for sikta. Det vil i slike tilfelle vera tomteeigar sitt ansvar å rydde vegetasjon på eige tomt og kommunen som tek ryddinga på kommunal grunn. I nye bustadfelt eig kommunen 2 meter på kvar side av veggrofta. I eldre felt kan dette variere noko. Folk bør gjerast merksame på problemet etterkvart som det oppstår. Kommunen er ofte avhengig av å få inn tips om strekningar som har dårlege siktilhøve.

5.7. Kollisjon vilt-bil - risikostrekningar vart rydda for vegetasjon for om lag 10 år sidan. No er dei i ferd med å gro att. Ål kommune har innhenta løyve til å rydde vegetasjon hjå fleire av dei grunneigarane det gjeld, men det må vera Vegvesenet sitt ansvar å rydde for desse strekningane ligg langs riksveg. Sundrevegen ved Ulshagen bør skiltast som elgtrekk.

6. Forebyggjande tiltak (opplæring, info)

Forsking viser at dei aller fleste ulykker skuldast oppførselen til trafikkantane. Fysiske tiltak er svært kostnadskrevjande. Det er difor kostnadseffektivt å prioritere opplæring og informasjon. I vedlegg I er det set opp ei skisse til informasjonsplan. Den er førebels ikkje fullstendig, då me ynskjer innspel frå dei som driv eller planlegg å drive informasjons- og motivasjonsopplegg om trafikktryggleik. Følgjande tema er dei viktigaste å koma ut med informasjon om:

6.1. Sikring av born i bil:

Mange køyrer med born usikra i bil. Sjølv ikkje alle drosjesjåførarar som køyrer skuleungar, kontrollerer at ungane er sikra. Ved alle barnehagar i Ål er det gode rutinar for at alle born vert sikra i bil og drosje når transporten skjert i løpet av barnehagedagen. Helsestasjonen informerer nye foreldre om sikring av småborn i bil. Ål kommune har eit ansvar for å sjå til at alle transportopdrag t.d. skuleskyss skjer på tilfredsstillande måte og bør reagere med skriftleg åtvaring og evt. oppseiing av transportordning viss slurv gjentek seg. Kommunen har og eit ansvar å informere nye foreldre i samband med helsestasjonsbesøk og foreldre i barnehagar og skular om deira ansvar som modellar. Me kan ikkje forvente at ungar skal følgje reglar som dei vaksne ikkje sjølve følgjer. Ungar er prissgitt at dei vaksne tek ansvar for deira tryggleik. Lensmannskontoret bør prioritere kontrollar av bilbeltebruk i samband med skulestart kvart år.

6.2. Aksjon skuleveg for 1. steget kvar haust:

Kvar haust skal mellom 60-70 seksåringar i Ål for fyrste gong klare seg sjølve i trafikken. Dette stiller store krav til alle andre trafikantar. Ein seksåring har avgrensa sidesyn og dårleg evne til å vurdere fart og avstand. Eit bilete kan vera å sjå for oss korleis me vaksne ville oppleve trafikkiletet om me gjekk på kne med skjermar som stengde for sidesynet. Viss me i tillegg kan innbille oss at me plutsleg oppdaga ein haug med

pengesetlar på andre sida av vegen er det truleg dekkjande for ungar sin impulsivitet og korleis me ikkje kan stole på at dei hugsar å sjå seg føre. Årleg aksjon i samarbeid mellom NAF, Gjensidige og lensmannskontoret.

6.3. Skulebuss - påstiging og avstiging.

Mange av elevane nyttar buss til/frå skulen. Farlege situasjonar ved av/påstiging kan lett skje. Bussopp må vere utforma slik at det er plass til å stå å vente. Aller helst burde bussane vera på plass før "hordane" med ungar skulle stige på bussen ved skulestart, men dette let seg ikkje alltid gjera grunna rutetider osv. Bussjåførane treng truleg påminning årleg om at dei må vera ekstra observante og det må vera eit system for at sjåførane sin kunnskap om farlege stader eller elevar som oppfører seg slik at farlege situasjonar kan skje har høve til å melde frå slik at oppfølging kan skje. Foreldre bør ta sitt ansvar og følgje ungane sine dei fyrste gongene dei skal følgje skulebussen. dette er særleg viktig for dei minste ungane då dei ikkje har evne til å generalisere lærdom, men er avhengige av å kopiere åtferd. Det er ikkje nok å seie til ein unge at du må sjå deg for når du skal gå/på av bussen. Ungar er avhengige av å øve inn rett åtferd.

I dag veit me om at farlege situasjonar skjer ofte i samband med av/påstiging og ved Ål statlege mottak ved Torpo. Foreldre til ungar som brukar buss til/frå skulen har sjølvsagt eit ansvar for å lære borna sine korleis dei kan unngå farlege situasjonar. Eldre elevar sin oppførsel på godt og vondt vil vera førebilete for dei yngre elevane. Ei utfordring er å få foreldre og dei eldre elevane merksame på det og får det villige til å vera betre modellar.

6.4. Fartsgrenser og ulykkesgrad

Respekten for fartsgrensene er generelt for liten. Hyppige fartskontrollar på rv 7 er særleg viktig i samband med helgetrafikken. I område der born ferdast er det viktig å auke forståinga hjå bilførarar om kor viktig det er at bilane overheld nedsette fartsgrenser.

Viktige budskap:

- Viss ein bil køyrer på ein fotgjengar er det 90 % sjanse for at fotgjengaren overlever viss bilen held ein fart på 30 km/t, medan fotgjengaren sin overlevingssjansje berre er 15 % viss bilen køyrer i 50 km/t.
- Stopplengda (summen av reaksjonstida og bremselengda) er på 7.5 meter viss du køyrer i 20 km/t, 19 m ved fart på 40 km/t, 35 m ved fart på 60 km/t og på 54 meter ved ein fart på 80 km/t.

Årleg infokampanje i samband med skulestart i regi av skulene og lensmannskontoret.

6.5. Generelt førebyggjande arbeid i regi av politi/lensmannskontor.

Politiet har undervisningsopplegg i sin skuleperm for 1.-10. steget, men har ikkje tilstrekkelege ressursar til å gjennomføre opplegget.

Lensmannskontoret bør prioritere å besøke alle skular i Ål minst ein gong kvart 4. år t.d. 1., 5. og 9. . Ungdom i vidaregåande skule er ei sers viktig målgruppe. Lensmannskontora i Hallingdal gjennomfører årleg kampanje i samband med russefeiringa. Etter kapasitet gjennomfører dei lokale lensmannskontora i samarbeid med Hallingdal trafikkstasjon (vegvesenet), Trygg trafikk og UP årlege tema-kampanjer som "senk farten", "bruk bilbelte" og kontrollar av bilbeltebruk, promille, teknisk og fart.

6.6. Edruskapsarbeid

I mange av trafikkulykkene i Noreg er førar av køyretøy påverka av rusmiddel. Generelt rusmiddelførebyggjande arbeid vil difor betre trafikktryggleiken. Ål kommune gir kvart år tilskott til lokale tiltak mot rusmiddelbruk. Er ordninga godt nok kjend?

Ål ungdomsskule har fast opplegg med temaarbeid om rus. I tillegg skjer det ein del i regi av prosjektet "Trygt Hallingdal". Denne innsatsen bør halde fram.

6.7. Mindre bilbruk

Mange i Ål er avhengig av bil til arbeidsreise og deltaking i fritidsaktivitetar. Fleire skular observerer at det har vorte meir vanleg at foreldre hentar og bringer ungane med bil. Samstundes syner forskning at ungar i dag er mindre fysisk aktive enn for 10-20-30 år sidan og at dette medfører helseproblem. Omsyn til trafikktryggleik, helse og miljø tilseier at det er ei målsetjing å redusere bilbruken. Aktuelle tiltak kan vera: aksjonar for kameratkøyning, tilpassing av tidspunkt for fritidstilbod med tanke på mindre biltransport, lokal haike-torg ordningar, premiering av tilsette som går/syklar/følgjer buss til arbeid, aksjon for at elevar skal gå/sykle til/frå skulen, gratis bussruter, bilfrie dagar osv.

7. Trafikktryggleik og arealplanlegging - status og tilrådingar, retningsliner for rekkjefølgje i utbygging mm.

- Trygg gangatkomst til sentrum, skule, barnehage, leikeområde og friområde skal vera ferdig bygd ut før nye bustadfelt vert tekne i bruk. I dag er dette kravet oppfylt ved dei fleste kommunale bustadfelt med følgjande unntak: Ulshagen-Votna for barneskulesteget (manglar gangveg til Sando skule) og Bakken II på Torpo (manglar gangveg fram til Lienkrysset)
- Plassering av nye bustadfelt i gangavstand frå skule og barnehage vil minke trongen for å bruke privatbil ved henting/bringing av ungar og minke biltrafikken og dermed gjera vegen tryggare for dei som sykklar eller går.

VEDLEGG I: INFOPLAN OM TRAFIKKTRYGGLEIK

Bodskap/ målsetjing:	Infokanal/ materiell:	Målgruppe:	Når:	Ansvarleg:
Foreldre sitt ansvar å sikre born i bil. Mål: <i>Ingen ungar i Ål køyrer usikra i bil</i>	Samtale med helsesøster, fødselsførebuande kurs. Foreldre- møte og info skriv. Årleg bilbelteaksjon	Nye foreldre Foreldre	Kontinuerleg Årleg Årleg	Helsetasjon Barneheagar Skular Felles-prosjekt
70 nye fotgjengerar er ute i trafikken frå og med august. Bilførar må vera ekstra obs. Mål: <i>Alle bilførarar er klar over at 6-åringar ikkje er å stole på i trafikken</i>	Artikkel/oppslag i lokalpresse	Bilførarar	Aug-okt kvart år	Lensmannen
Følg ungen din til skulen dei fyrste gongene eller "tørrtren" på skulevegen på førehand. Mål: <i>Ingen trafikkulykker med skuleungar</i>	Infoskriv til foreldra Foreldremøte	Foreldre med born i 1. klasse	Før skulestart + påminning	Skulane
Følg ungen din på skulebussen dei fyrste gongene eller tørrtren på førehand. Av og påstiging er kritisk. Mål: <i>Ingen trafikkulykker med skuleungar</i>	Infoskriv til foreldra Foreldremøte	Foreldre til ungar med skuleskyss.	Før skulestart + påminning	Skulane
Respekter 30-sonene. Ved kollisjon bil-fotgjengar i 50 km/t er sjansen for at fortgjengaren overlever samanstyten berre 15%, medan den auker til 90% viss bilen held 30 km/t Mål: <i>Auka respekt for 30-sonene</i>	Foreldremøte Løpesettel	Bilistar som passerer 30-soner, utvalde "farts-bøller"	Aksjonsveke kvart år	
Born treng mosjon - lær dei trafikkvett og la dei gå til og frå skulen Mål: <i>Ferre ungar blir køyrt med privatbil til/frå skulen og dermed meir oversiktlege trafikktilhøve ved skulestart/slutt.</i>	Foreldremøte og evt. foreldresamtale	Foreldre til skuleborn	Før skulestart + påminning	Skulane
Russ og trafikk . Mål: <i>Ingen trafikkulykker i samband med russefeiringa</i>	Russebilløp, skulebesøk	Russ (ungdom i vg. skule)	Årleg aksjon	Fellesprosjekt Hallingdal.